

# Forvitringar

Sylvia Molloy



Omsett av Bente Teigen Gundersen

Forord av Pedro Carmona-Alvarez

# Forvitringar

Sylvia Molloy

Omsett av  
Bente Teigen Gundersen

Med forord av  
Pedro Carmona-Alvarez

**LES BONES DONES**  
LATINAMERIKANSK LITTERATUR I NORGE

*Desarticulaciones* © 2011, Sylvia Molloy  
etter avtale med Eterna Cadencia

Omsett frå spansk av Bente Teigen Gundersen  
Forord av Pedro Carmona-Alvarez

Bokomslag og sats: Cristina Cabanellas, Estudio Clove  
Papir: 80 g Munken Print Cream  
Trykkeri: Gutenberg Press  
Første opplag, 2023

**Støttet av Kulturrådet**



Utgivinga er innkjøpt av Norsk Kulturfond.

Trykkinga er støtta av Fritt Ord.

Boka er publisert innanfor ramma av «Programa Sur de Apoyo a las Traducciones»  
(Ministerio de Relaciones Exteriores y Culto de la República Argentina).  
Obra editada en el marco del “Programa Sur de Apoyo a las Traducciones”  
(Ministerio de Relaciones Exteriores y Culto de la República Argentina).



ISBN 978-82-303-5784-2

© Les Bones Dones AS, 2023

[www.lesbonesdones.no](http://www.lesbonesdones.no)

# Forvitringar

Materialet i denne publikasjonen er omfattet av åndsverklovens bestemmelser. Uten særskilt avtale med Les Bones Dones AS er enhver eksemplarframstilling og tilgjengeliggjøring bare tillatt i den utstrekning det er hjemlet i lov eller tillatt gjennom avtale med Kopinor, Interesseorgan for rettighetshavere til åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale kan medføre erstatningsansvar og inndragning, og kan straffes med bøter eller fengsel.

*Eg må skriva desse tekstane no, medan ho er i live, før ho døy  
eller det tek slutt, for å prøva forstå denne tilstanden av å vera/  
ikkje-vera til eit menneske som forvitrar framfor augo mine. Eg  
må gjera det slik for å koma meg vidare, for at forholdet skal  
vara, eit forhold som held fram trass i samanbrotet, og som står  
ved lag sjølv om det knapt er ord att.*

## FRÅKOPLING

Vi var på besøk hjå henne ein ettermiddag, og medan eg forsikra meg om at alt var i orden, vart E sitjande og prata med henne inne på soverommet. Ho held seg der inne store deler av dagen, ho sit der og stirar ut gjennom vindauget, opp på eit ørlite rektangel av himmel som er synleg mellom to bygningar. Ho fortalde meg noko eg ikkje veit om ho visste at ho fortalde meg, sa E då vi kom heim att. Ho fortalde meg at då ho var lita, var ho med ei tante på besøk til ei gamal kvinne, ein slektning, som var innlagd med ein alvorleg sjukdom, og låg kopla til ei maskin. Då dei to var ei stund åleine med den sjuke slektningen, hadde tanta gjort ei rørsle med hovudet, det var som om ho nikka – ho synte meg rørsle, seier E og gjentek henne –, og så hadde ho bøygd seg ned og kopla frå maskina som pusta for den sjuke kvinna. Så gjekk dei derifrå.

E seier ho ikkje veit kva som løyste ut historia, eller om ML var klar over det ho fortalde, men det var som om ho hadde behov for å fortelja meg det, seier ho, eller å fortelja det til nokon, kanskje ho aldri har fortalt det til nokon før. Eller kanskje ho dikta det opp, tenkjer eg, og lurar på om dei kopla folk til maskiner for å halda dei i live på tjuetalet. Kanskje det skjedde seinare, men at ho fortel det som om det hadde skjedd då ho var lita, for å sleppa å ta inn over seg ansvaret for å ha drepe nokon. Vi kjem aldri til å få vita det, det er klart, for ho har alt gløymt denne historia. Og det same kan det vera.

Eg les det eg har skrive om att og noko anna fell meg inn, kan henda det er innlysande: Kva om det var noko ho ville me skulle gjera for henne?

## TALEKUNST

Etter kvart som minnet forvittrar, merkar eg at ho tyr til ei høfleg framferd som vert stadig meir utsøkt, som om fine manerar skulle kunne utfylla mangelen på forstand. Det er rart å tenkja på at dei velartikulerte setningane ikkje kjem til å overleva i noko minne, for ho har ikkje gløymt strukturen i språket, det er heller slik at ho er meir var på dette enn nokon gong no når det kveldast i sinnet hennar. Då eg kom på besøk i dag tidleg sov ho djupt, etter den heftige sinnsrørsla dagen før. Ho opna augo, eg helsa på henne, og ho sa: «Så heldig eg er som kan vakna og sjå rett inn i eit venleg andlet.» Eg trur ikkje ho kjende oss att, kvar for oss, meiner eg. For to dagar sidan, før krisa, spurde eg henne korleis ho hadde det og ho sa: «Fint, for eg ser deg.» I dag sa ho til sjukepleiaren «Du er veldig fin, eg tykkjer du ser fin ut i andletet», sjølv om det var første gongen ho såg henne og sjukepleiaren ikkje snakka spansk. Eg omsette, og sjukepleiaren berre elska henne på flekken. Det gjorde også ein kvinneleg



dominikansk servitør som serverte oss på kafé ein dag, hugsar eg, medan ML enno kunne vandra rundt i byen utan å gå seg vill. Kvinna hørde vi snakka spansk, og då vi sa kor vi kom ifrå, kunne ho knapt tru det, ho kunne ikkje førestilla seg at vi var latinamerikanske sidan vi var av «finare rase», sa ho. ML svara lynkjapt: «Alle snille folk er av finare rase.»

Til ei venninne som ikkje har sett henne på lang tid, og som eg tek med meg på besøk: «Vil du eg skal visa deg rundt i huset?» Og det overraskar oss at ho tek oss med frå rom til rom, som om ho akkurat hadde flytta inn, som om vi kom på besøk for første gong.

“Korleis seier ein ‘eg’ når ein ikkje hugsar?”  
Silvia Molloy